

# Vekeplan 10. trinn

# Veke 40 og 42

| LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN: |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
|----------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Norsk                      | <ul style="list-style-type: none"><li>Kjenna til og bruka sentrale fagomgrep om språk og språkleg variasjon</li><li>Utforska norske dialektar og reflektera over samanhengen mellom språk, stad og identitet</li><li>Kjenna til hovudtrekk i norsk språkhistorie og forklara bakgrunnen for bokmål og nynorsk</li></ul>                                                                                                                                 |
| Engelsk                    | <ul style="list-style-type: none"><li>Utforska og reflektera over situasjonen til urfolk i den engelskspråklege verda og i Norge</li><li>bruka kjelder på ein kritisk og etterretteleg måte</li></ul>                                                                                                                                                                                                                                                   |
| Matematikk                 | <ul style="list-style-type: none"><li>Løysa oppgåver ved hjelp av kvadratsetningane</li><li>Løysa likningar</li><li>Rekna med proporsjonar</li></ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| Samfunnsfag                | Tema: Identitetsutvikling og fellesskap(kriminalitet) <ul style="list-style-type: none"><li>Skriva om sentrale lover, reglar og normer og drøfta kva konsekvensar brot på desse kan ha for den enkelte og for samfunnet på kort og lang sikt</li></ul>                                                                                                                                                                                                  |
| KRLE                       | <ul style="list-style-type: none"><li>Utforska, presentera og samanlikna sentrale trekk ved katolsk, ortodoks og protestantisk kristendom</li><li>Drøfta korleis kristendommen inngår i historiske endringsprosessar i Noreg og verda</li><li>Bruka og drøfta sentrale kristne omgrep</li><li>Vurdera kritisk ulike kjelder til kunnskap om kristendommen</li></ul>                                                                                     |
| Naturfag                   | <ul style="list-style-type: none"><li>Forklara korleis kjemisk energi blir omdanna til andre energiformer ved forbrenning av fossile brensel og hydrogen</li></ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| Spansk                     | <ul style="list-style-type: none"><li>Seia kva du synest og meiner om noko</li><li>Fortelja om noko som går føre seg</li><li>Ny verbtid: Gerundium</li><li>Uttrykka eigne meiningar</li></ul>                                                                                                                                                                                                                                                           |
| Tysk                       | <ul style="list-style-type: none"><li>Forstå setningsledd og analyse</li><li>Kunna preposisjonar som styrer akkusativ</li><li>Kunna preposisjonar som styrer dativ (ikkje vekselpreposisjonar)</li></ul>                                                                                                                                                                                                                                                |
| Eng fordj                  | <ul style="list-style-type: none"><li>Munnleg vurdering (presentasjonar). Dei som har levert, skal jobba med grammatikkoppgåver</li></ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| Arbeidslivsfag             | <ul style="list-style-type: none"><li>Planleggja, gjennomføra og vurdera arbeidsoppgåver på ein trygg og ansvarleg måte, og bruka relevante verktøy, utstyr og arbeidsmetodar</li><li>Samarbeida med andre, visa initiativ og ta ansvar for eigne arbeidsoppgåver i praktiske arbeidssituasjonar</li></ul>                                                                                                                                              |
| Kroppsøving                | <b>Frisbee\Uthald:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar</li><li>Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar.</li></ul> <b>Innsats:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre</li></ul> |

|                         |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |
|-------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                         | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| <b>K&amp;H</b>          | <b>Oppgåve: Sjablong</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Læra om street-art og nokre av dei mest kjende kunstnarane innan denne kunstforma</li> <li>• Kunna plukka ut fem eigna bilete av nokon som utøver ein idrett eller aktivitet</li> <li>• Kunna bearbeida tre av motiva i ein app, finna skuggar og redusera fargar</li> <li>• Kunna skjera ut sjablongar</li> <li>• Kunna mala/trykka motivet med svamp på kartong, med detaljar og skyggar som framhever aktiviteten</li> <li>• Bruka reiskapar og utstyr slik ein får rettleiing om</li> </ul> Kunna laga eit prosessnotat etter krava i oppgåva |
| <b>Musikk</b>           | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Spele blues på tre akkordar</li> <li>• Musisere i lag med andre</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| <b>Kantine</b>          | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vita kva vurderingskriteria for faget er</li> <li>• Planleggja dei praktiske øktene</li> <li>• Laga god og ernæringsriktig mat</li> <li>• Halda god hygiene</li> <li>• Jobba med rekneskap og plakatdesign</li> <li>• Gjennomføra sal</li> </ul> <b>Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter</b>                                                                                                                                                                                                                                                                     |
| <b>Fysisk aktivitet</b> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Øva på og gjennomføra varierte bevegelsesaktiviteter aleine og saman med andre</li> <li>• Vera ein god lagspelar og gjera kvarandre gode</li> <li>• Kunna oppmuntra, inkludera og samarbeida godt med alle</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| <b>Friluftsliv</b>      | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Planlegga og gjennomføra EIGENTUR</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| <b>Design/redesign</b>  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| <b>Trafikk</b>          | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforska trafikken i nærmiljøet og føreslå konkrete tiltak som kan gjera trafikken tryggare</li> <li>• Reflektera over og visa kva det inneber å ferdast trygt og ansvarleg i trafikken, og diskutera etiske utfordringar som kan oppstå</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |
| <b>Programmering</b>    | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforska i program med blokkprogrammeringsspråk</li> <li>• Forklara eigne og andre sine kodar</li> <li>• Bruka grunnleggande prinsipp i programmering som varialer, løkker og vilkår og funksjoner</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| <b>Olweus</b>           | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Inkludera alle i klassen og vera med på og laga eit godt klassemiljø</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |

## INFORMASJON TIL HEIMEN

### UTV-veka

Me håper alle hadde lærerike dagar i veke 39 med arbeid i ein bedrift og besøk på vidaregåande skule. Nokre har og fått med seg Bygg- eller TIF-tur, og nokre var på besøk på universitetet. Neste tysdag skal nokre besøka vidaregåande skule og resten skal ha skriveøkt i norsk.

### Trafikkgjengen ut på tur

Trafikk valfag skal på NAF øvingsbane på Bue

Trafikk 1: Tysdag 13. oktober, 18-21  
Trafikk 2: Torsdag 15. oktober, 18-21

### Psykisk helseveke

I veke 40 markerer me verdsdagen for psykisk helse. Årets tema er : “Me treng å kunna stola på kvarandre”. Elevane vil klassevis arbeida med temaet i nokre timar i løpet av veka. Heile trinnet skal på onsdag få vera med på Brits magiske bingo i aulaen. På fredag har valfagsgruppene laga ulike aktivitetar elevane kan melda seg på som: volleyball, programmering, quiz og konkurransar, bålkos med pinnebrød og aktivitetar, QR-rebus og designoppgåver.

### “Ska me dansa”

Etter haustferien startar me opp med “Ska me dansa” som er ei opplæring i dans, der alle elevane i kommunen skal få opplæring av profesjonelle dansarar. Me startar med kickoff klassevis i veke 42, og elevane øver i gym- og musikktimeane i veke 42-47. I veke 48 blir det kvalifisering, der dei 2 beste para frå kvar klasse går vidare til ein finale. Finalistane øver fram til finalen som skal vera torsdag 17. desember. Lye u og Vardheia u er og med på konkurransen.

### Haustrferie

Det er haustferie i veke 41! Nyt fridagane!

Helsing oss på 10.trinn

## PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

| Fag                 | Kva                                                             | Vurdering   | Veke/dato                                                                                        |
|---------------------|-----------------------------------------------------------------|-------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Engelsk             | Skriveøkt 2 timar<br>"CHOICES"                                  | Karakter    | Måndag 28.<br>september                                                                          |
| Engelsk fordjupning | Presentasjon v. 40 og<br>v. 42                                  | Karakter    | 02.10, 06.10                                                                                     |
| Norsk               | Heildagsprøve i<br>sidemål for dei som<br>ikkje hadde sist veke | Karakter    | Tysdag 29. september                                                                             |
| Norsk 10A +10B      | Samtalegruppe 2 og 3<br>om boka “Tante<br>Ulrikkes vei.”        | Måloppnåing | Torsdag 1. og torsdag<br>15. oktober for 10A.<br><br>Torsdag 2. og fredag<br>16. oktober for 10B |
| Samfunnsfag         | Skriftleg/munnleg<br>(avtal med faglærar)                       | Karakter    | Veke 43                                                                                          |
| Spansk              | Munleg presentasjon +<br>samtale                                | Karakter    | Veke 40 og 42                                                                                    |

## HEIMEARBEID VEKE 40

|                         |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|-------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Norsk</b>            | <p>10A: Til torsdag 1. oktober skal du ha lesa til og med side 125 i Tante Ulrikkes vei (ut avsnitt 40 om du høyrer lydbok). Du har lov til å lesa/høyra lenger om du vil.</p> <p>10B: Til fredag 2. oktober skal du ha lesa til og med side 125 i Tante Ulrikkes vei (ut avsnitt 40 om du høyrer lydbok). Du har lov til å lesa/høyra lenger om du vil.</p> <p>10CDE: Les 3 × 20 minutt i ei valfri bok.<br/>Du bestemmer sjølv korleis du fordeler lesinga. Du kan til dømes lesa 60 minutt på éin dag. Etter lesinga skriv du ein kort leselogg der du:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• skriv tittel og forfattar</li> <li>• skriv kva sidetal du starta og slutta på</li> <li>• oppsummerer kort kva du har lese</li> </ul> <p>Leseloggan dokumenterer leseprogresjonen din, så hugs å levera han kvar veke.</p> |
| <b>Engelsk</b>          | Read the text " <a href="#">Two Wolves</a> " in Stages p. 128 and answer the two questions on ON                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
| <b>Matematikk</b>       | Gjer oppgåve 1.121, 1.122, 1.123 og 1.127 i oppgåveboka.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| <b>Samfunnsfag</b>      | Les: <a href="#">Hvorfor blir noen kriminelle? - Aschehoug univers</a> Skriv 5-10 setningar om årsaker til at folk blir kriminelle. Bruk gjerne fagomgrepa: Individuelle og samfunnsmessige årsaker                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| <b>KRLE</b>             | Les side 44-53 i Horisontar 10 (utdelt ark). Skriv kolonnenotat frå sidene (eller bruk den læringstrategien som du lærer best av – snakk med faglærer om du er usikker).                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| <b>Naturfag</b>         | Les s. 178-180. Gjer "Kva las du no?" oppgåve 3-5, s. 180                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
| <b>Spansk</b>           | Førebu deg til munnleg samtale om video du har levert.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| <b>Tysk</b>             | Analyser setningar med ulike setningsledd. Sjå onenote veke 40                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| <b>Eng fordj</b>        | Prepare your presentation, i.e. read it a few times, remember eye contact, good flow and show interest in what you talk about.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| <b>Arbeidslivsfag</b>   | Hugs å føra inn i loggen etter kvar gong du har vore i arbeid. Ligg på OneNote.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| <b>Kroppsøving</b>      | <p><b>Frisbee:</b><br/>Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera ute.</p> <p><b>Symjing:</b> Partallsveker: D, A. Oddetallsveker: E, B, C.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| <b>Musikk</b>           | Om du ikkje heng med på progresjonen i timane må du øve heime.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| <b>Kantine</b>          | Anne Marie si gruppe lagar mat.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| <b>Fysisk aktivitet</b> | <p><b>Frisbeegolf (Scramble):</b><br/>Oppmøte i 10B. Ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera ute.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| <b>Friluftsliv</b>      | Du skal gå på EIGENTUR. Du har fått info om dette. Sjå onenote.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| <b>Programmering</b>    | Gjere seg klar framføring, oppgaven ligg på teams.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
| <b>Trafikk</b>          | Prosjekt: «Min skuleveg»                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |

## HEIMEARBEID VEKE 42

|                         |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
|-------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Norsk</b>            | <p>10A: Til torsdag 15. oktober må du ha lesa til og med side 187 i TUV (ut avsnitt 60 om du høyrer lydbok). Det er lov å lesa/høyra lenger om du vil.</p> <p>10B: Til fredag 16. oktober må du ha lesa til og med side 187 i TUV (ut avsnitt 60 om du høyrer lydbok). Det er lov å lesa/høyra lenger om du vil</p> <p>10CDE: Les 3 × 20 minutt i ei valfri bok.<br/>Du bestemmer sjølv korleis du fordeler lesinga. Du kan til dømes lesa 60 minutt på éin dag. Etter lesinga skriv du ein kort leselogg der du:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• skriv tittel og forfattar</li> <li>• skriv kva sidetal du starta og slutta på</li> <li>• oppsummerer kort kva du har lese</li> </ul> <p>Leseloggen dokumenterer leseprogresjonen din, så hugs å levera han kvar veke.</p> |
| <b>Engelsk</b>          | <p>Research an indigenous group in the world. Find out the following:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Name of the group</li> <li>• Where are they mainly located?</li> <li>• Roughly their size in todays society</li> <li>• One issue or conflict they have gone through</li> </ul>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |
| <b>Matematikk</b>       | Gjer oppgåve 1.128, 1.130, 1.131 og 1.132 i oppgåveboka.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| <b>Samfunnsfag</b>      | <p>Les: <a href="#">Unge lovbyggere og straff - Aschehoug univers</a> Skriv 5-10 setningar der du reflekterer rundt den kriminelle lavalderen: er den riktig? Burde den blitt satt høgare/lågare? Kva straff syntes du ungdom bør få ved kriminelle lovbrudd?</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |
| <b>KRLE</b>             | Les side 203-208 (om protestantiske kyrkjer). Gjer "finn svaret"-oppgåve 5-10. Skriv fullstendige setningar.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| <b>Naturfag</b>         | Lag eit tankekart der du oppsummerer kapittel 7 og brukar viktige fagomrep. Du kan f.eks bruke boka eller ithuboughts.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| <b>Spansk</b>           | Ejercicios s. 27 oppgåve 1 og 2. Ta bilete av oppgåvene og lever på ON                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| <b>Tysk</b>             | Tyskprøve torsdag. Førebu deg til denne prøven.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| <b>Eng fordj</b>        | Last chance to prepare for your presentation.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| <b>Arbeidslivsfag</b>   | Hugs å føra inn i loggen etter kvar gong du har vore i arbeid. Ligg på OneNote.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| <b>Kroppsøving</b>      | <p><b>Uthald:</b><br/>Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera ute.</p> <p><b>Symjing:</b> Partallsveker: D, A. Oddetallsveker: E, B, C.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| <b>Musikk</b>           | Øv heime om du ikkje heng med på progresjonen i timane.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
| <b>Kantine</b>          | Vegard si gruppe lagar mat.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| <b>Fysisk aktivitet</b> | <p><b>Fotball:</b><br/>Oppmøte i Timehallen. Ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera inne.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| <b>Friluftsliv</b>      | Presentasjon av eigenturen du har vore på i veke 40 eller i haustferien. Ha med iPad.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| <b>Programmering</b>    | Gjere seg klar til framføring, oppgåven ligg på teams.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| <b>Trafikk</b>          | <p>NAF opplegg på Bue 18-21</p> <p>Gruppe 1: Tysdag</p> <p>Gruppe 2: Torsdag</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |

**Bryne ungdomsskule**

